

BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN
REKNESKAP FOR 2009.

Resultat/KTV 2005

	2009		2008	
Medlemspengar		4 800,00		5 600,00
Overnattingar		19 800,00		12 630,00
Gebyr/renter	92,37		2,79	
Straum	5 002,03		4 159,27	
Renovasjon/vassavgift	6 128,76		7 193,74	
Forsikring	3 945,00		3 380,00	
Driftsutg./vedlikehald	2 570,00		2 246,00	
Overskot	6 861,84		1 248,20	
	24 600,00	24 600,00	18 230,00	18 230,00

Balanse

	31.12.09		31.12.08	
Postbanken	10 606,05		4 199,21	
Sunnabu	150 000,00		150 000,00	
Kreditor: Lars Olav		46 703,21		47 158,21
Lån medlemer		80 000,00		80 000,00
Eigenkapital		33 902,84		27 041,00
Ørebalanse				
	160 606,05	160 606,05		
Endring eigenkapital		6 861,84		

Rekneskapan er pr.d.d. ikkje revidert.

Rekneskapan for 2009 går med eit solid overskot.. Det meste kjem av at overnattingsinntektene har auka. Dette er diverre ei utvikling som ikkje har halde fram i 2010. Rekneskapan for 2010 vil bli presentert før årsmøtet i mars. Førebels ser det ut til å bli eit underskot på eit par tusen kroner. Alle blir oppmoda om å reklamere for hytta til folk dei kjenner og til å bruke hytta aktivt sjølve. Det er etterkvart kome auka utgifter til parkering, vegavgift og eigeidomsatt.

Sunnavind *God Jul!*

Meldingsblad for Bygdelaget Sunnhordlendingen. Nr. 1 2010
91. årg Nettversjon: <http://sunnhordlendingen.no/sunnavin.htm>
Innkalling til årsmøte 2010 og 2011 på Sunnabu i mars:

Tid: Fredag 11. mars 2011

Stad: Sunnabu

Sakliste:

1. Årsmelding for 2009 og 2010.
2. Rekneskap for 2009 og 2010
3. Medlemskonting.
4. Drift av Sunnabu.
5. Val.
6. Eventuelt.

Bilete: Jobbing med takstein.
Eivind.



Meld frå på telefon eller tekstmelding om du kjem: Mobil: 90 61 63 59.

Ny nettstad for Sunnhordlendingen: <http://sunnhordlendingen.no>

På årsmøtet 2009 vart det vedtatt at offisiell informasjon som innkallingar til årsmøte, i framtida vil koma elektronisk på denne adressa og som E-post til dei som har opplyst styret om E-postadressa si. I ein overgangsperiode vil dei som vi ikkje har E-postadresse til, få brev i posten som før. Det er difor viktig at alle som kan, sender ein E-post til lotveita@start.no, slik at eg får adressa. Send også gjerne mobiltelefonnummer. Har du naboar eller kolleger som kan tenkja seg å leige hytta, så gi dei adressa: <http://sunnhordlendingen.no/hytte.htm>

Plan for drift av hytta våren 2011:

(sjå også <http://sunnhordlendingen.no/utleige.htm>)

Ei helg kvar månad disponibel for alle medlemmer: Hytta blir då ikkje utleigd dersom nokon melder seg interessert i å koma (frist torsdag):

14.-16. januar: Sesongstart. 11.-13. februar: Treff. 11.-13. mars: Årsmøtehelg.

8.-10. april: Veteranreff.

Alle andre helger og veker prøver vi å leige ut til medlemmer eller andre.

Fordeling av hytta skjer slik i sesongen (januar-april):

For utleige ei helg:

Fordeling skjer torsdag kl. 19.00 8 dagar før utleige. Alle som har meldt seg innan den tid, vil bli vurdert. Medlemmer har fortrinnsrett. Dersom ingen har meldt seg, gjeld "først til mølla" etter det tidspunkt. Inntil ei helg kvar månad kan "seljast" på førehand utan tidsfrist til eksterne/interne leigetakarar. Hyttestyret kan dermed straks svare ja på forspørslar om hytteleige framover i tid.

Dei helgane hytta står disponibel for medlemmer (ei helg kvar månad):

Dersom ingen har meldt seg interessert i å nytta hytta før torsdag (1 dag før helga), kl. 19.00, kan hytta leigast ut etter prinsippet "først til mølla". Når hytta ikkje er utleigd (dvs. vanlegvis) er hytta disponibel for spontan oppreising etter avtale med hyttesjef.

Vinterferie 2010 (28.februar-4.mars)+helga før eller etter:

Utleige til markedspris (min kr. 5 000 , kr. 3 500 for medlemmer). Tildeling mellom dei som har meldt interesse, torsdag 13.januar kl. 19.00. Dersom ingen har meldt seg før dette tidspunkt, så blir hytta leigd ut til eksterne eller medlemmer etter prinsippet "først til mølla".

Påskeferie med palmehelg 2010 (15. – 25. april) (kan f.eks. delast i to):

Fordeling skjer torsdag 13. januar kl.19.00 mellom dei som har meldt seg interessert til dess. Etter det skjer tildeling etter prinsippet "først til mølla" eller hyttestyret kan velja å leiga ut komersielt dersom det er ledig tid.

23 medlemmer i Sunnhordlendingen i 2009:

Finn Mortensen, Ingse Andersen, Britt Karin Hegdal, Atle Jan Røyrvik, Knut Skålnes, Atle Tornes, Anne Britt Tornes, Anne Sofie Totland, Kari Aarbakke, Alf M. Bakke, Inga Tveito, Kirsti Havikbotn, Lars Olav Tveita, Olav Kvernenes, Per Aga, Gunnbjørg Skålevik, Jan Steinar Urdshals, Anne Marie Havnelid, Olav Bjørgen, Reidun Rusås, Reidar Rusås, Vegard Havikbotn, Ragnhild Hanssen Nedrevåg.

Referat frå årsmøtet 2009.

Årsmøtet vart avvikla onsdag 25. november 2009 hjå Kirsti og Lars Olav i Ravnestølen. Tilstades var 8 medlemmer. Innkallinga som var sendt ut med brev, vart godkjend.

1. Årsmeldinga 2008 vart opplest og godkjend.
2. Rekneskap for 2008 vart gjennomgått og godkjend.
3. Medlemskontingent kr. 200 pr. år vedtatt for 2009 og 2010.
4. Drift av Sunnabu. Alle var samde om at vi må auke bruken av hytta.
5. Val.

Styre

Formann: Lars Olav Tveita Kasserar: Vegard Havikbotn
Skrivar: Per Aga Styremedlem: Ragnhild Hanssen Nedrevåg
Varamedlemmer: Inga Tveito, Atle Jan Røyrvik, Britt Karin Hegdal,
Ettersynsmenn: Atle Jan Røyrvik og Atle Tornes.

Rådet:

Atle Tornes 1 år Kari Årbakke 2 år Olav Bjørgen 3 år
Anne Sofie Totland 4 år Ny: Kirsti Havikbotn 5 år
6. Vedtektsendring: Innkalling til årsmøte kan skje elektronisk. Vedtatt.

Sunnabu.

Hytta var i år (2010) mykje brukt i januar, februar og mars fram til og med vinterferien, i ein stor del av påskeferien og ei helg etter påske. Så var tydelegvis folk lei av vinter. Resten av året har det stort sett vore tilsyn og litt dugnad. Veden som vi høgde i haust, er komen i hus. Sørveggen har fått eit strøk måling, og alle dei gamle småruta vindua har fått nokre malingstrøk. På rom 101 er tak og deler av ein vegg måla.

Nokre av dørkarmane er skakke og skeive og slepp inn kulde. Det skulle det vore gjort noko med. Bakdøra skulle kanskje vore skifta ut. Dørlåsen på utedøra er ikkje god. Golvet i stova og utegangen skulle kanskje vore slipt og lakka. Og så er det eit tilbakevendande spørsmål om vi skulle ha pussa opp stova. Møbleringa i stova er berekna for å ta unna storinnrykk. Folk etterlyser meir komfortable sofaer og stolar, men då kan det bli problem med å få plass til så mange.

Dei store granene må før eller seinare fellast. Og då har me ved i mange år. Jobben med det er ei utfordring. Elles må vi til våren gå over hytta med måling igjen.

Framtida for Sunnhordlendingen.

Medlemstalet stabiliserer seg på vel 20. Nokre få av den yngre generasjon har vist interesse for å bruke hytta, og meldt seg inn i laget. Vi ser fram til at fleire gjer det samme.